

Årsmelding 2016 VILLINGUR ISLANDSHESTFORENING

Nok eit svært aktivt år er tilbakelagt og me vil nemna flg arrangement:

12 styremøter og 7 møter i komiteen for Villingurstevnet 2016 og 2 for 2017, Idédugnad for Villingurstevnet. Me har arrangert 1 ridetur frå Vinddalen til Skrøylå, 3 Vintercupstevner, To på Forsand og eit på Jåttå, 4 kvalifiseringsstevner, Klubbmesterskap, Villingurstevnet og Sydvestmesterskap. For første gong har me også arrangert avlsutstilling. Det har vore 4 kurs med Erlingur Erlingsson og 6 kurs med Nils Christian Larsen, Dommersamling for våre dommere, 4 dugnadsdager/kvelder og Førjulskos.

Me har hatt utsendingar både til lokallagsmøtet og årsmøte i NIHF.

Fleire medlemmar deltok på dugnad under avviklinga av nordisk mesterskap på Biri i august.

Me hadde ekstraordinært årsmøte i mars kor det blei vedtatt ny lov etter pålegg frå idrettsforbundet. Som ein konsekvens av dette har dette driftsåret vore uvanleg langt sidan årsmøtet er flytta frå november til januar.

Me vil gratulere alle som har deltatt på stevner i år med stor innsats og gode resultat.

Spesielt må me nemna klubbmeistrane: Firgang junior Tormod Bryn og Gigjar fra Mangela. Ungrytter Hannah Johannesen og Smyrill fra Hamraendum. Senior Ingeborg Steinnes Ivesdal og Stali fra Fossanmoen. Femgang ungrytter Miriam Fossan Knudsen og Perlan fra Fossan. Senior Bjarne Fossan og Arfa frå Fossan. Fritidsklassene hadde vi i junior Sofie Drange og Dina frå Lilleberg. Senior Ingeborg Steinnes Ivesdal og Rektor frå Fossanmoen.

Elles hadde me deltakerar på Pinsestevnet, St.Hans stevnet og NM forutan på Villingurstevnet

Stevnesesongen vart avslutta med Sydvestmesterskapet. Kombinasjonsvinnerne ble følgene: Firgang Tormod Bryn og Gigjar frå Mangela (junior), Hannah Johannesen og Smyrill frå Hamraendum (ungrytter), Bjarne Fossan og Arfa frå Fossan (senior. Femgang Lotte Thoresen og Skundi frå Fossanmoen (junior) Miriam Fossan Knudsen og Dagdis frå Suldal (ungrytter).

Femgangskombinasjonen i senior gikk til en Faxi deltaker J

Avlsutstillingen som blei arrangert for første gang i Villingur resulterte i 2 hingster med flotte førstepremier: Klaki frå Enighed 8,29 og Merkur frå Fossanmoen 8,19. Ei hoppe lukta på førstepremien med 7.99. Det var Dagdis frå Suldal. Samtidig med avlsutstillingen hadde me unghestutstilling. Denne vart toppa av 2års hoppa Pilja frå Fossanmoen med 8,52. Me fekk gode tilbakeldingar frå utstillarar, dommerar og avlsledelse i NIHF.

Arrangementsmessig var det Villingurstevnet, Krabbefestivalen og Sydvestmesterskapet som var dei største utfordringane. Me føler likevel at det gjekk greitt å dra dei i hamn.

Det har vore ein svært takknemleg jobb å vere leiar i Villingur i denne perioden. Det har vore ein flott samansetning i styret og me har samarbeidd svært godt. Det har vore ein fantastisk god deltakelse på

alle arrangement og medlemstalet har auka merkbart desse åra. Eg vil retta ein stor takk til styremedlemmane for positive haldningar og interesse for å ha ein god stemning både innad i styret og i klubben. Me har hatt nokre «stormar i vannglas» men då har det vore nok å rista glaset litt, så har stormane stilna ganske kjapt..

I styret har vore Miriam Fossan Knudsen nestleiar og sekretær, Brit Marit Fossan Knudsen kasserer, Ingeborg Steinnes Ivesdal, Sven Håvard Seldal. Bjarne Fosssan og Bente Vadla Ravnås , varamedlemmer har deltatt aktivt i styret. Hanne Haugan har vore ungdomsrepresentant og gjorde ein flott jobb fram til ho flytta til Drammen i haust. Heile hausten har Villingur vore utan ungdomsleiar.

Det er også veldig inspirerende med så mange medlemmar som stiller opp når noko skal gjerast og som kjem med positive kommentarar og innspel.

Dei innspela og personane som verkar negativt på styret er så få at dei fell totalt igjennom i all positiviteten. Dette er noko som eg har sett enormt stor pris på, og dette er svært viktig for at klubben skal fortsetja med positiv utvikling. Måtte denne positiviteten vera eit varemerke for Villingur i mange år framover.

Eg takkar med dette for meg for denne gong og ynsker ny leiar og nytt styre lukke til.

Torstein Fossan